

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 06/2402	Doknr.: 12
Mottatt: 03 OKT 2006 AFIR/SFI	
Saksber.: NIM	Ark.: 369
Kode:	Avskr.:

Innspel etter LMD sitt høyringsmøte om strategi for forskning og forskingsbasert innovasjon, 06.09. 2006.

Frå Norsk senter for bygdeforskning v/ dagleg leiar Reidar Almås

Utkastet til strategi for forskning og innovasjon frå Landbruks- og matdepartementet er velskreven og lettlesn og dokumentet gir eit godt grunnlag for det vidare arbeidet. Generelt vil vi hevde at utkastet er noe traust og forsiktig. Det vil ikkje skade om ein hever ambisjonsnivået på noen område. Nedanfor vil vi utdjupe noen moment som også vart tatt opp på møtet den 6. september, samt reise noen nye argument.

1. Kva kan forskinga bidra med for å utvikle landbruks- og naturbaserte tenester?

Den viktigaste mangelen ved dokumentet, er at forskning på dei nye grøne tenestene er utelate. Dette burde vera ei eiga tematisk prioritering, f.eks nytt punkt 3.4.2. Forskinga kunne bidra til:

- Utvikle nye forretningsområde og verdikjeder
- Bidra til kulturforskning rundt den "mentale" revolusjonen som overgangen frå matproduksjon til tenesteyting inneber
- Bidra til kunnskaps- og kompetanseoppbygging

Dette er på mange vis "det nye oppdraget" for landbruket, men FoU-innsatsen er svært låg. Forskningsbaserte erfaringar frå tenesteytande næringar som går bra vil vera av stor interesse. Slike eksempel er:

- Grønt reiseliv
- Grøn kultur (verdiskaping på grunnlag av bondekultur)
- Grønt miljø (verdiskaping i verneområde)
- Grøn service (Bygdeservice)
- Grøn omsorg
- Grøn velferd

Problemstillingar her vil blant anna vera korleis eit produksjonsorientert segment taklar overgangen til marknadsstyrt tenesteyting? I kva grad treng både landbruksbefolkninga og landbruksforvaltninga ny kunnskap og kompetanse for å vere i stand til å møte dei nye krava? Ikkje minst for å ivareta forskingsbehovet til det "ufødde næringslivet", er det viktig med samfunnsfagleg forskning rundt sosio-kulturelle forhold. Dersom forskinga blir alt for 'næringsretta', i betydinga retta imot behova til dagens næringsaktørar, vil det nye og ufødde bli gløymt.

2. Det bør vera mål for landbruksforskninga å gjera norsk landbruk og matindustri konkurransedyktige med tilsvarande sektorar i våre naboland innan 2020 (eller tidspunkt for full innfasing av WTO-avtale).

Dette gjeld både den verdikjeda som omfattar volumproduksjonen og den mindre omfattande verdikjeda for småskala produksjon/lokal foredling. Dei største utfordringane for småskalaprodusentane framover blir lønsemd, distribusjon og marknadsføring. I

volumproduksjonane vil råvareprisane tendensielt måtte falle ned mot prisnivået i våre næraste naboland. Her må den norske landbrukspolitikken tilpassast, og dei nye løysingane må konsekvensvurderast. Forvaltninga vil ha behov for å utvikle ”grøne” støtteformer som er WTO-legale, og som kan levere multifunksjonelt landbruk. Dei største utfordringane framover vil gjelde kulturlandskap og gjengroing.

3. Eit tredje overordna forskingstema blir å sette søkelyset på den arbeidskraft og dei ressursar som blir ledige på grunn av produktivitetsveksten i primærnæringane.

Det er her den store politiske utfordringa ligg i åra som kjem, både for å halde på dei gode arbeidskreftene og for å utnytte ledige ressursar. Kva skjer på alle dei bruka som har selt mjølkekvoten? Blir pengar og arbeidskraft investert i ny næringsutvikling? Kva skjer på bruka som går inn i samdrift og/eller skaffar seg robot, og som får frigjort mye arbeidskraft på den måten. Kva må til dersom dei frigjorte hender skal skape nye arbeidsplassar og nye næringar. Ei anna utfordring er alle dei tomme driftsbygningane på bruk der jordbruksdrifta er innstilt. Her vil det vera bruk for ein tverrfagleg forskingsinnsats for å synleggjere kva moglegheiter ein har, slik at tomme driftsbygningar ikkje vert ståande til forfalls (visuell forsøpling, tap av kulturminne). Dei bruka som ikkje skal bidra til volum eller nisje, vil i noen grad rette seg inn imot grøn tenesteyting. Men her er kunnskapsgrunnlaget langt veikare enn innafor tradisjonell agronomi og veterinærfag.

4. Ei utfordring på skogsida, vil vera å få til auka avverking.

Verdiskapinga i tresektoren står og fell med at skogeigarane driv ut opp imot tilveksten i skogen. Berre i Trøndelag har hogsten felle til det halve på ti år, slik at det no drives ut nesten berre ein tredjedel av tilveksten. Dette trugar store og viktige arbeidsplassar og undergrev heile verdikjeda. Ei viktig problemstilling her blir å skaffe seg eit sosio-kulturelt bilde av den nye skogeigaren i landsmålestokk, slik at det kan utformast politiske verkemiddel og eit driftsapparat som møter han eller henne heime.

5. Flytting av to av primærnæringsinstitutta.

Når det gjeld det nye systemet for resultatbasert grunnbevilgning (RBG) til instituttsektoren, stiller vi oss positive til prinsippet, men vi ser klare manglar ved det noverande høyringsforslaget. Vi saknar både ein vidare definisjon av ”oppdragsinntekter”, og ein indikator for formidling. Viktigast for Norsk senter for bygdeforskning er at vi (og NILF) er foreslått flytta frå tildelingsarenaen for primærnæringsinstitutt til arena for samfunn og forvaltning. Ser ein isolert på RBG, er dette fornuftig. Her finn Bygdeforskning sine fleste konkurrentar og publiseringsspraksis er langt på veg lik vår. Men ser ein ei slik flytting i eit vidare perspektiv, blir den meir problematisk. Alt frå Norges landbruksvitskapelege forskningsråd oppretta ei gruppe for Bygdeforskning ved Universitetet i Trondheim i 1982, *har Bygdeforskning si rolle vore å bidra til fornying, omstilling og innovasjon i landbrukssektoren.* Viss Bygdeforskning no bli kopla ifrå landbrukets FoU-system, vil denne funksjonen bli svekka. *Viss den foreslåtte flytting blir vedtatt, vil ein derfor så sterkt ein kan oppmode om at det blir vedlikehalde og utvikla møteplassar og finansielle mekanismar slik at Bygdeforskning framleis blir ein del av primærnæringsfamilien for andre formål enn RBG.*

Særleg vil vi legge vekt på at ordninga med Strategiske instituttprogram (SIP-ar) har fungert svært bra for vår del.


SKUP-ordninga vil kunne vidareføre noko av den rolla SIP har hatt, men vil ha ei meir avgrensa rolle i kompetanseoppbygging på utvalde temaområde.

Avslutningsvis vil vi vise til ein modell som Bygdeforskning har utvikla i samband med vårt oppdrag der vi har gjennomfører ei vurdering av Sveriges landbruksuniversitets framtidige sektorrolle. Denne modellen består av tre sirklar, med ein indre kjerne bestående av sektoransvar, på område og fag der ingen annan nasjonale institusjonar har undervisning og forskning. Utanfor denne indre kjerne finst ein ring der omgrepet sektorrolle er dekkjande. Sektorforskninga har tatt på seg eller er gitt ei rolle der ein også må spela saman med andre i FoU-systemet. Utanfor denne andre ringen ligg dei "foranskutte lyn" med innovative og risikable prosjekt og satsingar av frontforskning. Denne tredje ringen er uregelmessig og utviklar seg ujamt, med store tap og gevinstar for investerte forskingskroner. For å ta eit eksempel så ligg ein stor del av den bioteknologiske forskinga i landbrukssegmentet i denne tredje ringen. Men spørsmålet er no om det ikkje på gitte område er på tide å flytte dei inn i andre eller første ring, der det også er grunnlag for kommersialisering på gitte område.

Vi ønskjer lykke til med det vidare arbeidet.

Trondheim 26.09.2006.

Norsk senter for bygdeforskning



Reidar Almås, dagleg leiar